



POLITIET

Vest politidistrikt

Vest politidistrikt

Omtale av resultat 2025

Gradering/Open

Innhold

Innleiing.....	3
1. Straffesaksutviklinga.....	4
1.1. Straffesaksutvikling og geografi.....	5
1.2. Gjerningspersonar og fornærma	7
1.3. Økonomisk kriminalitet.....	8
1.4. Vinningskriminalitet	8
1.5. Valds-kriminalitet.....	9
1.6. Seksuallovbrot	11
1.7. Narkotikakriminalitet.....	11
1.8. Miljøkriminalitet.....	12
1.9. Ungdomskriminalitet	12
2. Politiet si straffesakshandsaming	13
2.1. Talet på påtaleavgjersler	13
2.2. Sakshandsamingstid	13
2.3. Restansar	14
3. Oppdragsløysing og innbyggjarkontakt	15
3.1. Responstid	15
3.2. Aksestid	15
3.3. Operasjonssentralen/Lokal redningssentral (LRS)	15
3.4. Kontaktsenter - 02800	16
3.5. Politiets nettpatrulje Vest.....	16
3.6. Væpna oppdrag	17
3.7. Redningsoppdrag.....	17
3.8. Politibåten	17
3.9. Psykiatrioppdrag.....	18
4. Forvaltning	19
4.1. Pass og førarkort	19
4.2. Utlendingsforvaltning	19
5. Sivil rettspleie	21
6. Trafikk	21
7. Vedlegg	22
7.1. Straffesaksutvikling og geografi. Prosentvis differanse 2024-25.....	22
8. Figurar og tabellar	22

Innleiing

Rapporten presenterer resultata for Vest politidistrikt i 2025. Fyrste del av rapporten gir ei oversikt over hovudfunn i meldt kriminalitet med omsyn til kriminalitetstypar og geografisk fordeling i politidistriktet. Delkapittel i fyrste del syner meir detaljert framstilling om einskilte kriminalitetstypar.

Andre del gir oversikt over straffesakshandsaminga i politidistriktet, medan tredje del syner tal for politiet si oppdragsløysing og innbyggjarkontakt. Fjerde del syner utviklinga innanfor forvaltningsoppgåver i politiet og femte del gir oversikt innan sivil rettspleie.

Ved spørsmål knytt til dei einskilte tala kan definerte kontaktpersonar for kvart enkelt tema kontaktast.


Talmaterialet på kriminalitetsutviklinga og straffesakshandsaminga er basert på politiet sitt straffesakssystem STRASAK. Statistikken må reknast som ein intern driftsstatistikk for politiet og bør ikkje lesast som den offisielle kriminalstatistikken, som blir gitt ut av Statistisk sentralbyrå (SSB). Rapporten presenterer den kjende kriminaliteten, det vil seie den kriminaliteten som blir meld til politiet, eller som politiet sjølv opprettar saker på.

Bergen, 3. mars 2026

Avsnitt for strategisk etterretning
Seksjon for etterretning
Felles eining for etterretning og etterforsking
Vest politidistrikt

1. Straffesaksutviklinga

Det blei registrert 31 130 saker i Vest politidistrikt i løpet av 2025. Det er ein auke på om lag 800 saker, eller tre prosent, samanlikna med året før. Auken er større enn mellom 2023 og 2024, men lågare enn dei fleste tidlegare år.



Figur 1 Registrerte saker i alt. 2021-25. Kjelde: JUS066

Saksmengda innanfor økonomi auka sterkt også i 2025, slik den no har gjort over fleire år. Det er bedrageri (herunder ulike typar digitale bedrageri) som trekk opp denne saksmengda. Saksmengda innanfor trafikk og skadeverk auka også betydeleg i 2025 samanlikna med året før. Størst *fall* i saksmengd var det innanfor vinning og narkotika. Det var også fall i saksmengd innanfor vald og seksuallovbrøt, men målt i prosent av total saksmengd var fallet lite.

I tillegg auka samlekategori *anna* kraftig i 2025 samanlikna med 2024. Dei sterkast aukande sakstypene som sorterer innanfor denne posten er omsynslaus åtfærd, *brøt på besøksforbod*, *brøt på våpenlova*¹, *krenking av privatlivet*, *lov om hundehald* og *deling av krenkande bilete*.

Størst var likevel auken innanfor sakskategorien "Undersøkelsessaker". Denne sakskategorien nyttast oftast når politiet vurderer det som rimeleg å anta at eit straffbart forhold kan ha skjedd, og gjer undersøkingar for å eventuelt avdekke dette. Svært mykje av auken kjem av digitale meldingar til politiet og kan sjåast i samanheng med at moglegheita for å levere meldingar på politiets nettsider blei betre i løpet av året. Til forskjell frå andre meldingar til politiet vert dei digitale meldingane registrerte i

¹ Brøt på våpenlova handlar om bevæpning (til dømes bæring av kniv) eller oppbevaring og/eller omsetning av illegale våpen. Saker der våpen vert nytta i trussel- eller valdssaker omfattast av kategorien "vald".

straffesaksregisteret *før* politiet gjer innleiande vurderingar av om det er grunnlag for å opprette sak. Etter at desse vurderingane er gjort, vert mange av dei digitale meldingane lagt bort som følgje av at forholda eller hendingane dei omfattar ikkje inneber lovbrøt. Ein stor del av auken i undersøkelssaker er meldt av eit fåtal einskiltpersonar som kva har meldt svært mange forhold.

Detaljar innanfor dei ulike kriminalitetskategoriane er handsama i avsnitta 1.2- 1.8

Tabell 1 Straffesaker per krimtype. 2021-25 Kjelde: JUS 066

	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Økonomi	1904	2575	2703	3122	3609	487	16 %
Vinning	7302	8701	10445	10479	9782	-697	-7 %
Vald	2614	2781	2988	3027	2914	-113	-4 %
Seksuallovbrøt	937	920	740	747	726	-21	-3 %
Narkotika	1748	1547	1535	1742	1521	-221	-13 %
Skadeverk	1315	1541	1655	1677	1805	128	8 %
Miljø	398	444	309	313	324	11	4 %
Arbeidsmiljø	88	88	97	100	91	-9	-9 %
Trafikk	4842	4702	4893	4801	5156	355	7 %
Anna	3418	3530	3367	3338	3859	521	16 %
Undersøkelssaker	1087	1066	991	974	1343	369	38 %
Total	25653	27895	29723	30320	31130	810	3 %

1.1. Straffesaksutvikling og geografi

Alle tre geografiske driftseiningar i Vest politidistrikt auka si saksmengd i 2025, men i ulik grad. GDE Sogn og Fjordane hadde den største auken av saksmengd med 450 fleire saker i 2025 samanlikna med 2024. For GDE Bergen, Askøy og Øygarden og GDE Hordaland var auken på høvesvis 247 og 26 saker.

Av politidistriktets 14 tenesteeiningar hadde 9 auke i straffesaksmengd i 2025. Størst var auken i Sunnfjord, Bergen Sør og Bergen Nord. Av tenesteeiningane med *fall* i saksmengd, var denne størst i Bergen Vest, Hardanger og Askøy og Øygarden².

Auken i saksmengd innan kategoriane *anna*, og *økonomi* treff meir eller mindre heile distriktet. Fallet i vinningssaker treff også meir eller mindre heile distriktet. Mykje av auken innanfor undersøkelssaker er ikkje stads plassert til einskilte tenestestader i politidistriktet.

² I vedlegg 7.1 er tilsvarende tabell målt i prosentvis differanse 2024-25. Målt på denne måten blir utviklingstrekket noko ulik. Medan det er stor grad av stabilitet i GDE Bergen, Askøy og Øygarden er auken i Sogn og Fjordane svært sterk.

Tabell 2 Differanse saksmengd 2025 vs 2024. Kjelde: PAL-STRASAK

Differanse 2024-25	Anna	Økonomi	Miljø	Narkotika	Seksuallovbrot	Skadeverk	Trafikk	Undersøkelssaker	Vinning	Vald	Totalsum
Askøy og Øygarden	82	10	-9	-19	-10	80	18	13	-198	-19	-52
Bergen Nord	23	44	4	-24	14	-9	44	25	47	-32	136
Bergen sentrum	135	81	-13	-133	23	18	99	87	-119	-80	98
Bergen sør	114	113	13	65	-19	39	71	2	-223	-12	161
Bergen Vest	23	66	0	-63	23	14	-9	5	-104	-51	-96
GDE BAØ	377	314	-5	-174	31	142	223	132	-599	-194	247
Blånefjorden og Austevoll	22	27	-9	5	-11	7	8	-14	-6	13	42
Hardanger	-3	-9	5	-9	-1	-7	-46	-3	-2	-1	-76
Kvam, Samnanger og Tysnes	5	40	3	-17	-7	-6	-23	-3	-15	-7	-30
Kvinherad	35	-17	3	-15	5	5	-5	3	12	13	39
Northordland	45	12	-8	-7	-5	13	18	32	-10	-17	73
Voss	-7	10	6	0	-6	5	11	7	-41	-7	-22
GDE Hordaland	97	63	0	-43	-25	17	-37	22	-62	-6	26
Sogn	-19	18	20	3	0	-15	114	12	-30	23	126
Sunnfjord	59	71	17	-16	-17	-11	31	28	22	67	251
Norfjord	2	35	-12	12	2	13	41	0	-22	2	73
GDE Sogn og Fjordane	42	124	25	-1	-15	-13	186	40	-30	92	450
Uspesifisert lokasjon i Vest politidistrikt	5	-3	-2	2	-3	-8	-13	168	25	-6	165

1.2. Gjerningspersonar og fornærma

Politiet identifiserte mistenkte i om lag 16 000 av dei om lag 30 000 sakene som blei registrert i 2025. Bak desse lovbrota står om lag 10 000 unike gjerningspersonar³. Det tilsvarar to prosent av innbyggjarane i distriktet⁴.

74 prosent av gjerningspersonane frå 2025 blei mistenkt for eitt einskildlovbrot, dei fleste innanfor kriminalitetstypane *trafikk*, *anna*⁵, *eller vald*. Flest gjengangarar er det innan vinningskriminalitet. Berre fire prosent blei mistenkt for meir enn fem saker.

Tabell 3 Gjerningspersonar etter tal saker

	Anna*	Narkotika	Seksual- lovbrudd	Skadeverk	Trafikk	Vinning	Vold	Økonomi	Totalsum	Prosent
1 sak	2197	752	397	438	2733	1070	1663	662	7399	74 %
2-5 saker	447	163	78	72	559	299	395	130	2207	22 %
6-10 saker	48	4	7	10	36	90	26	13	415	4 %
Totalt	2692	919	482	520	3328	1459	2084	805	10021	100 %

Det er registrert i alt 10 000 unike fornærma i sakene registrert i 2025. Flest fornærma var det innanfor vinning, følgd av økonomi og vald. 90 prosent er fornærma berre ein sak, og dei fleste av desse igjen i ei vinningssak.

Tabell 4 Fornærma etter tal saker.

	Anna*	Seksual- lovbrudd	Skadeverk	Trafikk	Vinning	Vold	Økonomi	Totalsum	Prosent
1 sak	1379	353	722	436	3605	1566	1927	9037	90 %
2 eller flere saker	168	50	37	7	188	140	68	999	10 %
Totalt	1547	403	759	443	3793	1706	1995	10036	100 %

³ I tabellane om gjerningspersonar og fornærma er verdiane i sumkolonna *lågare* enn summen av verdiane i kolonnene per krimtype. Dette kjem av at personar registrert innanfor fleire krimtypar tel berre ei gong i sumkolonna.

⁴Riktig nok er ikkje alle som gjer lovbrut i Vest politidistrikt busett i distriktet. Likeins vil det vere gjerningspersonar busett i Vest politidistrikt som gjer kriminalitet i andre distrikt (eller land). Tala presentert i teksten syner til tal på lovbrut med tilhøyrande gjerningspersonar registrert i Vest politidistrikt.

⁵ I figuren over gjerningspersonar omfattar kategorien "Anna" kriminalitetstypane "Anna", "Arbeidsmiljø", "Miljø" og "Undersøkelsessaker". I figuren over fornærma er i tillegg kriminalitetstypen "Narkotika" lagt til under "Anna".

1.3. Økonomisk kriminalitet

Saksmengda innanfor økonomisk kriminalitet auka sterkt i 2025, slik den har gjort over fleire år. Dei fleste sakene er innanfor underkategorien *bedrageri* og det er ulike typar digitale bedrageri som driv denne utviklinga. Dei fornærma i sakene er fordelt over heile aldersspennet frå tenåringar til eldre. Modus vil nok likevel variere i desse sakene. Medan yngre fornærma er utsett for bedrageri i forbindelse med kjøp/sal på salsplattformer som Finn.no eller Tise, er dei eldre fornærma meir utsette for såkalla phishing, vishing og smishing, altså bedrageri via telefonoppringing, sms eller e-post. Tyngdepunktet av identifiserte gjerningspersonane i desse sakene er mellom 20 og 40 år.

Tabell 5 Registrerte økonomilovbrot. Kjelde JUS066 & STRASAK

		2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Økonomisk kriminalitet- i alt		1 904	2 575	2 703	3 122	3 609	487	16 %
Utvalde underkategoriar	Bedrageri	1549	2239	2346	2704	3247	543	20 %

1.4. Vinningskriminalitet

Saksmengda innan vinningskriminalitet fall betydeleg i 2025. Fallet er nokså jamt fordelt innanfor dei ulike underkategoriane av vinningskriminalitet. Det er i tillegg eit kraftig fall i talet ran.

Tabell 6 Registrerte vinningslovbrot. Kjelde JUS 066 og STRASAK

		2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Vinning- i alt		7 302	8 701	10 445	10 479	9 782	-697	-7 %
Utvalde underkategoriar	Tjuveri frå butikk	2000	2263	2957	2939	2692	-247	-8 %
	Tjuveri av sykkel	987	1030	1146	1239	1064	-175	-14 %
	Tjuveri elles	4079	5479	6413	6582	6332	-250	-4 %
	Ran	52	78	101	128	87	-41	-32 %

1.5. Valds kriminalitet

Den overordna kategorien valds kriminalitet omfattar i tillegg til forsetteleg vald også truslar, samt andre sakstypar som utgjer relativt få saker. Døme på sistnemnde er menneskehandel eller uaktsam forårsaka skade på menneske. Sett under eitt fall saksmengda innan vald marginalt i 2025 med 113 saker, eller fire prosent i 2025. Fallet i trusselsaker var størst, men det var også fall i tal valdssaker.

Tabell 7 Registrerte valdslovbrot. Kjelde: JUS066 og STRASAK

		2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Vald og truslar- i alt		2 614	2 781	2 988	3 027	2 914	-113	-4 %
Utvalde underkategoriar	Vald	1627	1708	1786	1824	1792	-32	-2 %
	Truslar	768	836	1008	1028	949	-79	-8 %
	Anna	215	224	181	174	154	-20	-11 %

Partnervald

Talet på partnervaldssaker⁶ har auka over fleire år og auken heldt fram i 2025. Partnervaldssakene omfattar fysisk vald, truslar, seksuallovbrot, brot på besøksforbod eller anna kriminalitet gjort mellom partnarar som er eller har vore gift, sambuarar eller kjærastar. Auken i saksmengd mellom 2024 og 25 skuldast i stor grad auke av brot på besøksforbod, og i nokon grad auke i fysisk vald.

Tabell 8 Registrerte trussel- og valdslovbrot utført mot offentlig myndigheit. Kjelde STRASAK

		2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Partnervald		615	622	662	741	79	12 %
Utvalde underkategoriar	Vald	315	332	348	369	21	6 %
	Truslar	66	75	68	59	-9	-13 %
	Seksuallovbrot	18	21	13	20	7	54 %
	Anna	216	194	233	293	60	26 %

⁶ Vald- og trusselsaker som involverer partnarar vert koda med modus "partnervald" av fagansvarlege i Vest politidistrikt. Dette uttrekket er basert på saker som er gitt denne modusen.

Drap

Det har vore to drap og fire drapsforsøk i 2025. I begge tilfelle er det færre enn året før.

Tabell 9 Registrerte drap og drapsforsøk. Kjelde STRASAK

	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Drap	4	3	1	3	2	-1	-33 %
Drap, forsøk	2	4	7	6	4	-2	-33 %

Hatkriminalitet

Hatkriminalitet er straffbare handlingar motivert av hat eller negative haldningar retta mot personar eller ei gruppe på grunn av etnisitet, religion, livssyn, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk eller nedsette funksjonsevner. I 2025 har saksmengda falt med 8 saker, eller 10 prosent, samanlikna med året før.

Hatkriminalitet skjer mellom anna i form av hatefulle ytringar, fysisk vald, truslar eller omsynslaus åtferd. Etnisk opphav, følgt av seksuell legning var dei vanlegaste motiva for hatkriminalitet i 2025, slik det har vore over fleire år.

Tabell 10 Registrerte lovbrøt om hatkriminalitet. Kjelde STRASAK

	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Hatkriminalitet	55	60	63	78	70	-8	-10 %

Lovbrøt utført mot offentlig myndighet⁷

Talet trussel- og valdslovbrøt retta mot offentlege tenestepersonar fall betydeleg i 2025, etter å også ha falt mellom 2023 og 24.

Tabell 11 Registrerte trussel- og valdslovbrøt utført mot offentlig myndighet. Kjelde STRASAK

	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Vald mot off. tenesteperson	215	96	182	173	136	-37	-21 %
Truslar, forulemping hindring av off. tenesteperson	220	266	254	247	221	-26	-11 %

⁷ På grunn av ein funksjonalitetsfeil i politiet sine straffesakssystem i perioden 1. juli 2020 til 7. desember 2021 er Talgrunnlaget for vald og truslar mot offentlig tenesteperson hefta med feilkodingar, som gjer at tal for vald mot politi ikkje kan bli gitt ut isolert. Feilen vart retta opp i desember 2021. Statistikk over meldte saker etter strl. § 155 som inkluderer perioden 2020-2021 må derfor presenterast samla, det vil seie utan spesifiserte fordelingar på vald/truslar mot politi/anna offentlig tenesteperson.

1.6. Seksuallovbrot

Saksmengda innan seksuallovbrot fall samla sett marginalt i 2025 samanlikna med året før. Det var likevel betydelege endringar mellom einskilde underkategoriar. Medan det var ein betydeleg auke av valdtektssaker, vart det registrert færre saker innan seksuelle overgrep mot barn. Det blei også færre saker innan fremstilling (bilder,video) av seksualisert innhald med barn.

Tabell 12 Registrerte seksuallovbrot. Kjelde JUS066 og STRASAK

		2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Seksuallovbrot- i alt		937	920	740	747	726	-21	-3 %
Utvalde underkategoriar	Valdtekt*	195	196	164	138	158	20	14 %
	Seksuelle overgrep mot barn	373	339	237	296	275	-21	-7 %
	Fremstilling av seks. overgr mot barn/seksualiserer barn	123	124	132	139	119	-20	-14 %

1.7. Narkotikakriminalitet

Saksmengda innan narkotika fall med 221 saker, eller 13 prosent, i 2025 samanlikna med året før⁸. Det er fall både i narkotikalovbrot regulert av straffelova, og saker om bruk/innehav regulert av legemiddellova. I tillegg er det eit betydeleg fall innan dopingsaker.

Tabell 13 Registrerte narkotikalovbrot. JUS066 og STRASAK

		2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Narkotika- i alt		1 748	1 547	1 535	1 742	1 521	-221	-13 %
Utvalde underkategoriar	Narkotikaovertridelser (strl§§)			888	1048	929	-119	-11 %
	Narkotikabesittelse/bruk (legemiddellova §24)			243	186	143	-43	-23 %
	Dopingovertridelse/bruk			493	442	360	-82	-19 %

⁸ Endringar i praksis for koding av saker gjer at utvalde underkategoriar innan narkotikakriminalitet ikkje kan visast for åra 2021 og 2022.

1.8. Miljøkriminalitet

Innanfor miljøkriminalitet sett under eitt auka saksmengda marginalt i 2025.

Saksmengda fall innan fiskerikriminalitet, som er den største underkategorien, medan den auka nesten tilsvarande innan dyrevelferd. Det har også vore ein kraftig auke i forureiningssaker.

Tabell 14 Registrerte miljølovbrot. JUS 066

		2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Miljø		398	444	309	313	324	11	4 %
Utvalde underkategoriar	Fiskerikriminalitet	299	306	187	135	108	-27	-20 %
	Ulovleg jakt	28	20	24	20	25	5	25 %
	Dyrevelferd	0	0	8	87	110	23	26 %
	Forureining	41	48	33	29	50	21	72 %

1.9. Ungdomskriminalitet

Mengda saker med mindreårig gjerningsperson fall med 14 prosent i 2025. Nedgangen er størst innan vinning, men det er fall i saksmengd innan alle kriminalitetstypar av eit visst omfang.

Tabell 15 Saker med gjerningsperson U18. Kjelde STRASAAK

	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Ungdoms- kriminalitet i alt	1171	1212	1639	1637	1404	-233	-14 %
Annen	146	183	210	222	199	-23	-10 %
Arbeidsmiljø	1		1			0	0 %
Miljø	3	6	6	4	4	0	0 %
Narkotika	77	67	64	104	79	-25	-24 %
Seksuallovbrudd	114	89	92	111	98	-13	-12 %
Skadeverk	77	70	94	73	74	1	1 %
Trafikk	181	174	206	221	219	-2	-1 %
Undersøkelsessaker	7	3	7	6	13	7	117 %
Vinning	322	392	637	453	310	-143	-32 %
Vold	218	200	292	398	364	-34	-9 %
Økonomi	25	28	30	45	44	-1	-2 %

2. Politiet si straffesakshandsaming

Som vist over auka saksmengda til Vest politidistrikt noko i 2025. I avsnitta som følgjer presenterast straffesakshandsaminga for 2025, med omsyn til oppklaringsprosent, sakshandsamingstid og restansar.

2.1. Talet på påtaleavgjersler

Det blei påtaleavgjort 30987 saker i løpet av 2025. Det er 480 fleire enn i 2024, ein auke tilsvarande to prosent. Oppklaringsprosenten auka også med to prosentpoeng i same periode. Den auka oppklaringsprosenten skuldast hovudsakleg ein auke i oppklarte lovbrøt innanfor kriminalitetstypane trafikk, narkotika og annan. Samtidig som talet ikkje-opplarte vinningslovbrøt er betydeleg lågare i 2025 enn det var i 2024.

Tabell 16 Påtaleavgjorde lovbrøt. Kjelde JUS316

	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Påtaleavgjorde lovbrøt	28399	25953	27062	30622	30507	30987	480	2 %
Oppklaringsprosent	52 %	51 %	46 %	45 %	39 %	41 %	2 %	

2.2. Sakshandsamingstid

Sakshandsamingstida til politiet blir rekna i tal dagar frå melding blir registrert i STRASAK, til det ligg føre ei påtaleavgjersle. Tabellen under viser gjennomsnittleg sakshandsamingstid på opplara lovbrøt. Det vil seie lovbrøt der gjerningsperson har fått ein reaksjon (ei såkalla positiv påtaleavgjersle) eller som reknast som opplart av andre grunnar.

Sakshandsamingstida auka i 2025 etter å ha falt i 2023 og 24. Sakshandsamingstida har auka innan alle kriminalitetstypar, med unntak av arbeidsmiljø. Sterkast auke i sakshandsamingstid er det innanfor økonomi og miljø saker.

Tabell 17 Sakshandsamingstid (tal på dagar), opplara lovbrøt.

	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Sakshandsamingstid, opplara lovbrøt	103	96	87	78	94	16	20 %

2.3. Restansar

Saker som er eldre enn tre månader omtalast som restansar. Talet på restansar fortel om forholdet mellom innkomne (registrerte) og utgåande (ferdig handsama) saker. Det var 256 færre restansar i 2025 enn i 2024. Det tilsvarar eit fall på ni prosent.

Tabell 18 Tal på restansar (saker eldre enn 3 månader).

	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024- 25
Ikkje påtaleavgjorde saker eldre enn 3 mnd	2348	2725	2136	2746	2490	-256	-9 %

3. Oppdragsløysing og innbyggjarkontakt

I avsnitta som følgjer presenterast tal for politiets operative oppdragsløysing og innbyggjarkontakt via ulike kanalar.

3.1. Responstid

Det er stilt sentrale krav til responstid for ekstraordinære hendingar, hendingar der liv er direkte truga og/eller der det er behov for rask innsats frå politiet. Responstida blir målt frå når det begynner å ringe ved operasjonssentralen hjå politiet til første politieining er på staden. Sentralt er det sett ulike krav til responstid avhengig av innbyggartal. I område med meir enn 20 000 innbyggjarar skal responstida i 80 prosent av oppdraga vere på inntil 12 minutt. I områder med mellom 2 000 og 19 999 innbyggjarar er kravet 17 minutt, medan det er 30 minutt i område med mindre enn 2 000 innbyggjarar.

I 2025 var responstida *høgare* enn krava i alle dei tre sentralitetskategoriane i distriktet.

Tabell 19 Responstid, sentrale krav og resultat i minutt. 2024

	Sentralt krav	Resultat 2025
Responstid 80% (>20 000 innbyggjarar)	12	13,5
Responstid 80% (2 000 – 19 999 innbyggjarar)	17	20,8
Responstid 80% (<2 000 innbyggjarar)	30	33,4

3.2. Aksestid

Aksestida måler kor mange samtalar på 112 som er svart på innanfor fristen (20 sekund). Kravet til aksestid er at ein skal svara minst 95 % av alle 112-samtalar innan fristen på 20 sekund. I 2025 svarte operasjonssentralen på 97,9 % av alle naudsamtalane innan tidskravet som Politidirektoratet har satt.

3.3. Operasjonssentralen/Lokal redningssentral (LRS)

Talet anrop til operasjonssentralen (112) auka med om lag 10 000, tilsvarande 13 prosent auke, i 2025 samanlikna med 2024. Det blei motteke 89 606 anrop i 2025 mot 79 334 i 2024. Nokre anrop viser seg å ikkje vera reelle naudsamtalar, og blir avslutta etter kort tid.

3.4. Kontaktsenter - 02800

Kontaktsenteret til Vest politidistrikt, som ein når via telefonnummeret 02800, blei bemanna opp frå mai 2024 i høve eit pilotprosjekt. Kontaktsenteret svarar førespurnader til politiet som ikkje gjeld naud på dag- og kveldstid frå måndag til fredag. I løpet av kontaktsenteret si drift i 2025 har dei teke imot 111 149 samtalar i opningstida. Av desse blei 93 prosent svara.

På nattestid og i helg, og når kontaktsenteret ikkje er bemanna, så svarar operasjonssentralen på 02800. I løpet av 2025 har operasjonssentralen teke imot 36 365 samtalar. Av desse blei 22 386 (61%) svara.

I alt mottok 02800 147 514 anrop i 2025, og 85 prosent av desse blei svara.

Tabell 20 telefonsamtaler til 02800 i kontaktsenter Vest si opningstid

	Anrop svara av kontaktsenter Vest (i åpningstida)	Anrop svara av operasjonssentralen (utanfor åpningstida)	Sum anrop til 02800
Tal oppringingar	111 149	36 365	147 514
Av dette svara samtalar	103002	22 386	125 388
Prosentdel svara samtalar	93 %	62 %	85 %
Gjennomsnittleg ventetid	29 sek		
Gjennomsnittleg samtaletid	1 min og 3 sek		

3.5. Politiets nettpatrulje Vest

Politiets nettpatrulje Vest opererer på plattformane Facebook, Instagram og TikTok. Ved utgangen av 2025 hadde plattformane følgjartal på høvesvis 41 700, 31 600 og 825 800⁹.

Dei førebyggjande bodskapa dekkjer eit breitt spekter av tema, frå råd om kva ein bør gjere dersom ein vert utsett for seksuell utpressing, informasjon og råd i samband med personar som er i ein radikaliseringsprosess, informasjon om tvangsekteskap, vald i nære relasjonar, åtvaring om pågåande svindelmetodar, til innlegg om den sikkerheitspolitiske situasjonen, ytringsfridom og datasikkerheit. Innlegga på Facebook og Instagram blei vist høvesvis 14,3 og 7,1 millionar gonger, medan innlegga på TikTok blei vist over 17 millionar gonger.

I løpet av 2025 tok Nettpatruljen Vest imot 1 958 meldingar via Messenger eller Instagram-chat. Over halvparten av desse var frå personar under 35 år, og mange av dei

⁹Følgjartalet til Nettpatruljen på Tiktok er altså langt høgare enn innbyggjartalet i politidistriktet. Mao: mange følgjarar bur i andre distrikt/land. Det vil også vere tilfelle for følgjarar på Facebook og Instagram.

att frå personar under 18 år. Seksuell utpressing på nett – såkalla sextortion – og ulike typar digitale bedrageri var dei viktigaste kriminalitetstypene som nettpatruljen blei kontakta om i 2025.

Tabell 21 Følgjarar og visningar på SoMe. Nettpatruljen Vest

	Følgjarar	Visningar
Facebook	41 700	14,3 mill
Instagram	31 600	7,1 mill
Tiktok	825 800	17 mill

3.6. Væpna oppdrag

I Vest politidistrikt sin vaktjournal vart det registrert 1062 væpna oppdrag i 2025 mot 1052 i 2024. Alle desse var ikkje oppdrag der politiet rykte ut til skarpe situasjonar. Tala inkluderer òg oppdrag der politiet etter ei vurdering vel å væpna seg for eigen eller andre si sikkerheit i samband med planlagde pågripingar, ransakingar, arrangement og liknande.

3.7. Redningsoppdrag

Politiet sin innsats i redningsoppdrag opptek mykje ressursar. Statistikken for Vest politidistrikt er ganske stabil samanlikna med fjoråret, men med ein liten nedgang i talet på oppdrag. Hovudredningssentralen har registrert 449 redningsoppdrag i Vest politidistrikt i 2025, 35 færre enn i 2024. Det er i det geografiske området til Bergen, Askøy og Øygarden det relativt sett skjer flest hendingar.

Ikkje alle redningsoppdrag krev like mykje politiressursar. Ein del blir løyst på operasjonssentralen (LRS), anten ved å gje råd til meldar eller ved å vidareformidle meldingar til andre naudetatar eller frivillige organisasjonar. Nokre oppdrag blir løyst av den/dei fyrste politipatruljen som kjem til staden, medan andre krev større innsats.

3.8. Politibåten

Sjøtenesta hadde avgrensa operativ kapasitet i starten av 2025 med ein liten politibåt. Frå mai og utover kom den nye hovudpolitibåten Goldfish X12 og den blei raskt sett i drift i samband med bordingstrening og maritim beredskap i heile Vest pd. To politibåtar har gitt auka handlingsrom knytt til kontrollar og maritim politi beredskap.

Fokus til sjøtenesta i sommarsesongen har vore beredskap og auka kontrollar ved sjøgrensa jamfør den sikkerheitspolitiske situasjonen.

Det blei i løpet av 2025 kontrollert nærare 100 utanlandske fritidsfartøy og omlag 500 utanlandske borgarar på sjøen, fra juni og ut året. I samband med kontrollane på sjøen blei det gjort anmerkningar/pålegg/reaksjonar på fleire personar i samband med grensepassering / ulovleg opphald i landet.

Det blei kontrollert omlag 504 norske fritidsfartøy, gitt 15 forenkla førelegg (ff) for fart, 10 for manglande flytemiddel, fire for feil lanterner, fire for manglande sertifikat. 12 blei meldt for ruspåvirkning. Omlag 8 redningsoppdrag og 13 anna bistand.

3.9. Psykiatrioppdrag

Talet psykiatrioppdrag fall med nesten 20 prosent i 2025. Det blei registrert 2863 slike oppdrag i 2025 mot 3521 i 2024. Det er tredje året på rad med nedgang i tal psykiatrioppdrag.

Tabell 22 Psykiatrioppdrag. Kjelde: PAL PO, forholdets art=Psykiatri

	2021	2022	2023	2024	2025	Differanse 2024-25	Endring % 2024-25
Psykiatrioppdrag	4000	4068	4007	3521	2863	-658	-19 %

4. Forvaltning

4.1. Pass og førarkort

I 2025 blei det utskrive 110 276 pass og ID-kort i Vest politidistrikt. Det er ein auke på om lag 3000 frå 2024.

I 2025 blei det mogleg for EU/EØS borgarar å søkje om Nasjonalt ID-kort for utanlandske borgarar.

Tabell 23 Utskrivne pass og ID-kort. Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning

	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Utskrivne pass og ID-kort	46827	151251	112382	107250	110276	3026	3 %

Vegtrafikklova § 34 gjev politiet rett til å tilbakekalla førarkort dersom det er rimeleg grunn til å tru at innehavaren ikkje lenger fyller vilkåra for å ha førarkort. Årsaka kan vere relatert til helse, misbruk av rusmiddel, eller at personen ikkje lenger har dei nødvendige kunnskapar eller køyreferdigheiter som ein krev for å ferdast trygt i trafikken. I 2024 tok Vest politidistrikt imot 432 slike bekymringsmeldingar. Det er ein auke på 78, eller 22 prosent samanlikna med året før.

Tabell 24 Bekymringsmeldingar om førarkort. Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning

	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Bekymringsmeldingar førarkort	390	611	320	354	432	78	22 %

4.2. Utlendingsforvaltning

Utlendingsforvaltninga utførte 130 tvangsreturneringar av personar utan lovleg opphald i 2025. 44 prosent av desse var straffedømde. Dei som vert tvangsreturnert *utan* å være straffedømte er hovudsakleg personar som har fått avslag på asyl- eller opphaldssøknadar eller på andre måtar ikkje oppfyller vilkåra for å opphalde seg i Noreg.

Det blei tvangsreturnert personar av 46 ulike nasjonalitetar. Litauen (10), Storbritannia (6), Polen (12), Romania (23) og Kina (8) var landa med flest returar.

Politiet kan *utvise* og *bortvise* personar frå landet. Ein *utvist* person får tidsbestemt innreiseforbod til Norge eller Schengen. Innreiseforbodet gjeld ofte i to eller fem år, men kan og bli gitt varig. Brot på innreiseforbodet er straffbart. Ein *bortvist* person må også

forlate Noreg, men kan når som helst returnere, så lenge ein oppfyller vilkåra for innreise. Av dei 130 som blei tvangsreturnerte i 2025 var 58 utviste og 72 bortviste.

Av dei i alt 130 tvangsreturnerte er 60 (46%) Schengen-borgarar, medan 70 (54%) er borgarar av tredjeland (land utanfor Schengen). 63 (49%) av dei returnerte blei returnert til eit tredjeland, medan 67(51%) blei returnert internt i Schengen.

Tabell 25 Uttransporterte personar. Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning

	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Uttransporterte personar utan lovleg opphald	553	81	105	108	130	22	17 %

5. Sivil rettspleie

Det blei registrert 61 097 saker til handsaming hjå sivil rettspleie i løpet av 2025, mot 57 977 i 2024. Det er ei auke på 3120 saker, tilsvarande 5 prosent.

Krav om utlegg, der personar eller verksemdar skuldar pengar, er størst i volum. I alt kom det inn 50 619 slike saker i 2025. Samanlikna med 2024 steig denne saksmengda med om lag 9 prosent.

Sakshandsamingstida på forlik var i gjennomsnitt på 110 dagar i 2025. Samanlikna med 2024 har sakshandsamingstid på forlik auka. Årsaka er at det etter innføring av digital plattform for sakshandsaming er det fleire som svarer i saker enn før, det betyr at fleire saker må innkallast til møte i forliksrådet. Grunna avgrensa møtekapasitet aukar sakshandsamingstida. Distriktet fekk inn 610 færre forliksklager til forliksråda i 2025 samanlikna med i 2024. Reduksjon i saksmengd er hovudsakleg innan sakshandsaming av enkle pengekrav, som er saker som krev lite sakshandsamingsressurs. Denne sakstypen blir no i hovudsak fremma som utleggssak etter tvangsfullbyrdingsloven § 7-2 (f).

Privatpersonar kan få gjeldsordning med kreditorane sine dersom gjelda er så stor at dei er varig ute av stand til å betala gjelda si. Talet på søknadar om gjeldsordning auka med 25 prosent (132 søknader) i 2025. Restansen på gjeldsordning og sakshandsamingstida for saker som omhandlar gjeldsordning har auka til kring 215 dagar.

6. Trafikk

I 2025 omkom 16 personar i trafikken i Vest politidistrikt. Det er det høgste talet i inneverande femårsperiode. Den yngste var 22 år medan den eldste var 85 år. Det vart registrert 293 trafikkulykker med personskade i 2025, mot 317 i 2024.

Tal på saker om køyring i ruspåverka tilstand har falt frå 941 i 2024 til 859 i 2025

Tabell 26 Omkomne i trafikken. STRASAK/Trafikk-koordinator i Hordaland og Sogn og Fjordane

	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2023-24	Endring % 2024-25
Omkomne trafikk	8	10	13	6	16	10	267 %

7. Vedlegg

7.1. Straffesaksutvikling og geografi. Prosentvis differanse 2024-25.

Differanse 2024-25. Prosent	Annen	Økonomi	Miljø	Narkotika	Seksuallovbrudd	Skadeverk	Trafikk	Undersøkelsessaker	Vinning	Vold	Totalsum
Askøy og Øygarden	28 %	3 %	-14 %	-18 %	-13 %	54 %	6 %	12 %	-23 %	-7 %	-2 %
Bergen Nord	8 %	14 %	57 %	-14 %	28 %	-6 %	8 %	23 %	6 %	-9 %	5 %
Bergen sentrum	12 %	11 %	-46 %	-20 %	12 %	3 %	11 %	42 %	-2 %	-7 %	1 %
Bergen Sør	31 %	31 %	81 %	22 %	-24 %	23 %	11 %	2 %	-13 %	-5 %	4 %
Bergen Vest	11 %	25 %	0 %	-52 %	55 %	11 %	-3 %	7 %	-16 %	-22 %	-5 %
Bjørnafjorden og Austevoll	21 %	21 %	-33 %	12 %	-34 %	13 %	4 %	-28 %	-3 %	12 %	4 %
Hordanger	-5 %	-13 %	100 %	-30 %	-8 %	-18 %	-29 %	-11 %	-2 %	-2 %	-14 %
Kvam, Samnanger og Tysnes	8 %	51 %	30 %	-24 %	-25 %	-17 %	-19 %	-8 %	-17 %	-17 %	-6 %
Kvinnherad	140 %	-20 %	33 %	-44 %	45 %	23 %	-7 %	19 %	16 %	42 %	10 %
Nordhordland	31 %	5 %	-30 %	-15 %	-11 %	20 %	6 %	59 %	-4 %	-11 %	6 %
Voss	-5 %	8 %	43 %	0 %	-19 %	6 %	4 %	15 %	-16 %	-6 %	-2 %
Soan	-15 %	15 %	80 %	8 %	0 %	-21 %	39 %	32 %	-12 %	27 %	12 %
Sunnfjord	25 %	28 %	49 %	-17 %	-23 %	-8 %	8 %	50 %	6 %	38 %	14 %
Nordfjord	2 %	45 %	-57 %	39 %	9 %	38 %	30 %	0 %	-19 %	3 %	11 %

8. Figurar og tabellar

Figur 1 Registrerte saker i alt. 2021-25. Kjelde: JUS066 4

Tabell 1 Straffesaker per krimtype. 2021-25 Kjelde: JUS 066 5

Tabell 2 Differanse saksmengd 2025 vs 2024. Kjelde: PAL-STRASAK 6

Tabell 3 Gjerningspersonar etter tal saker 7

Tabell 4 Fornærma etter tal saker. 7

Tabell 5 Registrerte økonomilovbrot. Kjelde JUS066 & STRASAK 8

Tabell 6 Økonomilovbrot. Aldersfordeling. Gjerningspersonar og fornærma . Feil! Bokmerke er ikke definert.

Tabell 7 Registrerte vinningslovbrot. Kjelde JUS 066 og STRASAK 8

Tabell 8 Registrerte valdslovbrot. Kjelde: JUS066 og STRASAK 9

Tabell 9 Registrerte trussel- og valdslovbrot utført mot offentlig myndighet. Kjelde STRASAK.....10

Tabell 10 Registrerte trussel- og valdslovbrot utført mot offentlig myndighet. Kjelde STRASAK..... 9

Tabell 11 Registrerte drap og drapsforsøk. Kjelde STRASAK10

Tabell 12 Registrerte lovbrudd om hatkriminalitet. Kjelde STRASAK.....10

Tabell 13 Registrerte seksuallovbrudd. Kjelde JUS066 og STRASAK11

Tabell 14 Registrerte narkotikalovbrudd. JUS066 og STRASAK11

Tabell 15 Registrerte miljølovbrot. JUS 066	12
Tabell 16 Saker med gjerningsperson U18. Kjelde STRASAAK	12
Tabell 17 Påtaleavgjorde lovbro. Kjelde JUS316	13
Tabell 18 Sakshandsamingstid (tal på dagar), oppklara lovbro.	13
Tabell 19 Tal på restansar (saker eldre enn 3 månader).	14
Tabell 20 Responstid, sentrale krav og resultat i minutt. 2024.....	15
Tabell 21 telefonsamtaler til 02800 i kontaktsenter Vest si opningstid	16
Tabell 22 Følgjarar og visningar på SoMe. Nettpatruljen Vest	17
Tabell 23 Psykiatrioppdrag. Kjelde: PAL PO, forholdets art=Psykiatri	18
Tabell 24 Utskrivne pass og ID-kort. Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning.....	19
Tabell 25 Bekymringsmeldingar om førarkort. Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning	19
Tabell 26 Uttransporterte personar. Kjelde: Felles eining for utlending og forvaltning.....	20
Tabell 27 Omkomne i trafikken. STRASAK/Trafikk-koordinator i Hordaland og Sogn og Fjordane	21

Vest politidistrikt: Omtale av resultat 2025

Utgitt: Mars 2026

Utgiver: Vest politidistrikt, Avsnitt for strategisk etterretning, Seksjon for etterretning, Felles eining for etterretning og etterforskning.

ISBN: xxx

Foto: xxx